

1. tertial 2016

Økonomistatus for Kvam herad per 1. tertial 2016

Kommunelova §47 omhandlar årsbudsjettet si binding for underordna organ i 1. ledd.

2. ledd seier at dersom det skjer endringar i løpet av budsjettåret som kan få påverknad for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet byggjer på, skal administrasjonssjefen gje melding til heradsstyret.

3. ledd seier at dersom heradsstyret får ei slik melding, skal det føreta nødvendige endringar i budsjettet. Det same gjeld når heradsstyret på annan måte vert kjend med forhold som kan medføra vesentleg svikt i inntektene eller vesentleg auke i utgiftene i høve budsjettet.

Innhald

| | | |
|-----|---|----|
| 1 | Endringar og risikomoment - drift..... | 3 |
| 2 | Endringar og risikomoment - investering..... | 6 |
| 3 | Endringar og risikoelement – balanse..... | 8 |
| 4 | Søknadar om støtte | 9 |
| 5 | Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - april 2016 | 11 |
| 6 | Økonomisk hovudoversikt - drift..... | 12 |
| 7 | Rammeområda - drift..... | 15 |
| 7.1 | Rammeområde, sosiale kostnader..... | 17 |
| 8 | Økonomisk hovudoversikt - investering | 18 |
| 9 | Prosjektoversikt..... | 20 |
| 10 | Statuskommentar til budsjettvedtak, sak 094/15 | 23 |
| 11 | Vedlegg | 26 |

1 Endringar og risikomoment - drift

2015 var eit tøft økonomisk år for Kvam herad med eit rekordstort underskot på 21,1 mnok¹. I det opprinnelige budsjettet for 2016 var det og budsjettet med eit underskot på 4,4 mnok. Underskot knytt til sjølvkostområde (i hovudsak vatn og avlaup), var på 9 mnok. Til trass for eit drifta totalt er i underskot, var det budsjettet med 5,9 mnok til styrking av disposisjonsfond.

Prognosane i 1. tertial viser ei resultatforverring på 5,5 mnok, der sjølvkostområdet utgjer 0,3 mnok. Det vil seia at ny prognose for 2016 er eit underskot på 9,8 mnok. Nok ein gong er det ei nedjustering i prognosane for skatteinntektene (5,2 mnok) og kraftinntektene (netto 1,7 mnok) som gjev kommunen utfordringar. Fallet i skatteinntektene vert kompensert noko med auke i rammetilskot (1,9 mnok) og utbyttet frå BKK AS ser ut til å verta 0,45 mnok høgare enn budsjettet.

Det vert arbeidd med ei rekkje innsparingstiltak i økonomiplanperioden 2016-2019. Målet er enten å auka inntektene eller å redusera utgiftene tilsvarende 40 mnok totalt. Tiltaka er krevjande å få gjennomført, og rådmannen finn det ikkje tilrådeleg å påleggja einingane større innsparinger i 2016. Tvert om er nokre av problemstillingane frå 2015 med overforbruk på straum og vikarutgifter, vidareført i 2016. Samstundes har det kome fram eit par nye problemstillingar på sjukefråværersrefusjonar og brannberedskap i Ålvik. I framlegget i 1. tertial er det foreslått å redusera avsetjing til disposisjonsfond med netto 5,7 mnok.

I tertialen er det gjort nokre administrative endringar som å gå over frå netto- til bruttoføring av kraftsal/-kjøp og bruk av øyremerka tilskots- og fondsmidlar. I tillegg er nokre generelle innsparingstiltak konkretisert, og inntekter og utgifter med mottak av flyktninger innarbeidd.

Samstundes med 1. tertial, vert det og lagt fram eit utkast til økonomiplan for 2017-2020 i ei eiga sak, med status for vedtekne innsparingar og nye/endra framlegg til innsparingar.

Frie statlege inntekter

Administrasjonen budsjetterer rammetilskot og skatt ut frå KS² sin prognosemodell. I modellen var skatten rekna til 211,4 mnok og rammetilskot 272,3 mnok. Dette var basert på regjeringa sitt budsjettframlegg, dvs. før budsjettforlik med andre parti og før justering av rammetilskot etter folketal per 01.01.16. I løpet av året er det som regel berre skatteinntektene og innteksutjamninga som varierer. Resten av tilskotelementa ligg fast dersom det ikkje vert gjort politiske endringar i Revidert nasjonalbudsjett (RNB).

Budsjettforliket gav Kvam 1,1 mnok meir i rammetilskot. I hovudsak på grunn av reversering av utrekket for statleggjering av skatteinnkreving. Prognosen for innteksutjamninga auka med 0,8 mnok. Totalt auka prognosene for rammetilskotet med 1,9 mnok per 01.01.16.

Per 30.04.16 var det kome inn 63,9 mnok i skatteinntekter, 3,8 mnok og 6,3 % meir enn til same tid i fjor. Skatteinntektene vart på 198,3 mnok i 2015, og opprinnelige budsjett er på 13,1 mnok over dette, som utgjer ein vekst på 6,6 %. Per mars låg Kvam sine skatteinntekter på 90,1% av landsnivået. I 2015 var det på 87,8%.

Ny prognose i 1. tertial er på 206,9 mnok, som tilsvavar ein vekst på 4,3 %. På landsnivå var veksten på 5,4 % per mars. Veksten skuldast at kommunel sin del av skatteinntektene (skattøre) f.o.m. 2016 er auka frå 11,35 % til 11,8 %³.

¹ mnok = millioner norske kroner

² KS = Kommunenes sentralforbund

³ Mesteparten av skatteinntektene går til staten, men 11,8% går til kommunane og 2,65% til fylkeskommunane.

I nasjonalbudsjettet var veksten estimert til 6 % for kommunane. Det er såleis mogeleg at skatteinntektene kan verta høgare enn det som er lagt til grunn i tertialen, men tala frå KS sin prognosemodell er lagt til grunn for budsjettjusteringa.

I RNB som vart lagt fram etter at tertialtala var utarbeidd, viser prognosene ein auke på 0,8 mnok i skatteinntekter og 0,3 mnok i inntektsutjamning. Rådmannen kjem attende til ei evt. ny justering i 2. tertial.

Kraftinntekter

Ishavskraft AS vann anbodet på kraftmekling f.o.m. 01.01.16 (tidlegare Kvam kraftverk AS), og sel kommunen si heimfallskraft (106,6 GWh) og konsesjonskraft (60,9 GWh) til spotpris. Spotprisen kan ha store variasjonar i løpet av året.

Når Kvam kraftverk AS selde krafta for Kvam herad, handterte dei og kjøpet og kommunen mottok nettoen. No handterer kommunen kjøpet sjølv, og har i tertialen gått frå netto til brutto føring for kjøp og sal av kraft. Fordelinga av kraftmengdene for kjøp/sal er ulik i løpet av året, men fast per månad over år. Prisen på kjøp av kraft er fast for heile året, med unntak av energiavgifta.

Per april var krafta sold til 21,89 øre/kWh og 40 % av kraftmengda sold. Prisen kommunen har fått, ligg over områdeprisen i dei 4 månadane. Prognosene for 2016 er på ca 16,1 øre/kWh. Netto låg prognosene 1,7 mnok lågare enn opprinnelige budsjettet, og nivået er teke ned i tertialen.

Løns- og pensjonsutgifter

Dei sentrale forhandlingane for 2016 er ferdige. Normalt skulle det og ha vore lokale forhandlingar til hausten, men det er ingen lokal pott for 90 % av lønsmassen i år. Til gjengjeld skal det lagt opp til lokale for handligar i 2017. Om lag 10 % av lønsmassen har berre lokale forhandlingar.

Forhandlingane har ei ramme på 2,4 % mot budsjettet 2,7 %. Det vil seia at det kan liggja eit innsparingspotensiale i lønsutgifter her, men storleiken vert først kjent etter at ny tariff er lagt inn i lønssystemet. Rådmannen kjem attende til evt. innsparing i 2016 i 2. tertial.

Pensjonsutgiftene er basert på prognosar frå pensjonsleverandørane som vert omgjort til eit prosentpåslag på lønsmassen. I tertialen er pensjonsutgiftene teke ned med 6,6 mnok, medan premieavviket aukar med 4,5 mnok.

Kommunen betaler ut full løn til sjukemelde arbeidstakrar, og får refundert det som overstig 16 dagar. Men det er ein del avgrensingar på refusjonen, og den ligg under 100%. Etter ein gjennomgang av sjukelønsrefusjonane, er fleire refusjonskrav tapsført. Gjennomgangen er ikkje ferdig, men inntektene er redusert med 1 mnok i 1. tertial.

Rentenivå

Lånebehovet for 2016 var opprinnelig på 195,7 mnok. Ubrukte lånemidlar var per 31.12.2015 på 116,3 mnok, det vil seia at kommunen si låneramma var på 79,4 mnok. Så langt er det teke opp lån på 56 mnok. I løpet av 1. tertial er lånebehovet auka med 18,1 mnok, og det er behov for å ta opp ytterlegare 41,5 mnok i lån i 2016. Rådmannen avventar til 2. tertial med evt. endring av lånenevdetak, då det erfaringmessig er tidsforskyvingar i investeringsprosjekt om hausten. Evt. auke i låneopptak vil medføra auka avdragsutgifter i drifta på ca 0,3 mnok.

Vekta gjennomsnittsrente var per 30.04.16 2,18 % mot 2,35 % per 31.12.15. Den totale lånegjelda er i 2016 kome over 1 milliard kroner etter at det er teke opp 10 mnok i Husbanklån og 56 mnok i andre lån. Dei to nye låna har rente på 1,693 % og 1,217 %. I tillegg er det refinsiert eit lån på 164 mnok til 1,28 % (før 1,82) og eit Husbanklån på 6,2 mnok til 1,689 % (før 3,1). Lånet på 56 mnok skal refinansierast hausten 2016 samstundes med eit lån på 73 mnok med 3,65 %.

Rentebindingstida har minka frå 2,38 år per 31.12.15 til 2,14 år per 30.04.16 på grunna av kortare binding (12 månader) på refinansieringa på 164 mnok og 7 månader for lånet på 56 mnok. Lengda på bindinga vert vurdert i kvart tilfelle ut frå marknadssituasjonen og låneporlefølgjen til kommunen. På

grunn av kommunen sitt høge gjeldsnivå, har rådmannen inngått ein del rentebindingar, og vil vurdera å auka tida for refinansieringane som skal gjerast til hausten. Det er mogeleg renteutgiftene kan verta noko lågare enn budsjettet, men rådmannen avventar til 2. tertial med å gjera evt. endringar.

Kvam herad plasserer likvide midlar frå fond og ubrukte lånemidlar i bankinnskot og direkteeigde rentebærande verdipapir utstedt av norske sparebankar. Per 30.4.16 utgjorde portefølgjen i verdipapir 214,6 mnok. Avkastninga er 1,17 % per 30.04.16 og estimatet for 2016 er på 3,5 mnok, 0,3 mnok under budsjettet. Rådmannen avventar evt. justering til 2. tertial.

Kommunen nyttar BCM til forvaltning av gjeld og aktiva i tråd med kommunen sitt finansreglement, sjå vedlagt rapport. Reglementet skal reviderast i løpet av fyrste året for nytt heradsstyre, og kjem opp som eiga sak i september.

Innsparingskrav og -tiltak

Det vart laga ein plan for å ta ned drifta med 40 mnok per år i samband med økonomiplanen for 2016-2019. Nokre av tiltaka er generelle og enkelte av summane er sett ut frå kva kommunen må få til, og ikkje ut frå nøyaktige kalkylar. Det er difor eit pågåande arbeid å realisera innsparingane, og å konkretisera dei generelle tiltaka. Og å koma på nye, når ein ser at tiltaket ikkje gav venta innsparing, eller nye utfordringar oppstår. Ein del av tiltaka tek tid å få på plass. Eit av dei mest nytta tiltaka er difor å halda stillingar vakante. Det kan medføra at tilbodet av ei teneste vert lågare enn det som elles ligg til grunn i budsjettet fordi det tilfeldigvis kom ei ledig stilling her.

Så langt i 2016 er det gjort nokre permanente innsparingar i administrasjon og tekniske tenester, og ein del mellombelse. Innsparingar innanfor oppvekst er forventa å falla på plass i 2. tertial, mellom anna på grunn av at eit stort kull går frå barnehage til skule. Dei største utfordringane så langt, ligg innanfor helse- og omsorgstenester, der i tillegg vikarforbruket så langt er høgt. Det var og ei utfordring i 2015. Overforbruk på straum og veglys var òg ei utfordring i fjor. Ulike tiltak er planlagt for å unngå tilsvarande i år. Blant anna vil ikkje veglys verta reparert når ramma for 2016 er brukt opp.

Enkeltsaker

Sjølv om kommunen har budsjettrammer på 761 mnok, er marginane likevel så små at enkeltsaker er utfordrande å handtera. I 1. tertial har det til dømes kome fram at Elkem Bjølvefossen ikkje har fakturert kommunen for sin brannberedskap og utrykning. Det vil seia at det kjem ei rekning for 3 år i 2016. Kommunen har ikkje fått tid til å kontrollera fakturagrunnlaget endå, men så langt føreligg det rekningar på om lag 1 mnok. Elles er barnevernssaker, ressurskrevjande brukarar og ras typiske enkeltsaker som kan gje kommunen ekstra utfordringar i løpet av eit år. Det er ikkje budsjettet med nokon reserve eller pott til desse tilfella, og det er heller lagt vekt på å jobba mest mogeleg førebyggjande for å unngå slike enkeltsaker.

Flyktningesituasjonen

Per 1. tertial har kommunen teke i mot 4 flyktningar. I 2015 busette Kvam herad 32. 6 av desse flyktningane kom på «2016-kvoten». Kvam herad har hatt hus klare, men så langt i år har det vore vanskeleg å busetja flyktningar fordi dei som sit på mottak manglar vedtak frå UDI.

Dei fleste som sit på mottak er menn, men mange har familie i heimlandet. Per 1. tertial var ikkje overføringsflyktningar fordelt på kommunane. Her kan det verta aktuelt å busetja ein familie.

NAV Kvam arbeider med å få gjort introduksjonsprogrammet for flyktningar til eit heilårleg, fulltidsprogram. For å få til dette, er det viktig å få på plass fleire språkpraksisplassar i kommunen og hjå andre næringsdrivande.

I HST-021/16 vedtok heradsstyret å busetja 8 einslege mindreårige flyktningar (EMF) over 15 år og 2 under 15 år i 2016. Kommunen arrangerer eit informasjonsmøte for innbyggjarane 25. mai om korleis kommunen skal ta i mot einslege mindreårige flyktningar.

Budsjettet er justert i 1. tertial for mottak av flyktningar i tråd med opprinneleg budsjettvedtak og for eige vedtak om mottak av einslege mindreårige flyktningar.

2 Endringar og risikomoment - investering

Det meste av investeringsbudsjettet gjeld spesifikke investeringsprosjekt. Det kan verta relativt store endringar i årsbudsjettet på grunn av endringar i tidspunkta for gjennomføring av prosjekta.

Utanom investeringsprosjekt, ligg kjøp og sal av eigedomar, aksjar, formidling av Husbanklån, utlån av eigne midlar og eigenkapitalinnskot til KLP i investeringsbudsjettet.

Nye investeringsprosjekt skal i størst mogeleg grad handsamt i budsjett/økonomiplan. Hastesaker vert handsama i tertial, eller som enkeltsak ved heilt spesielle høve. Det same gjeld for utviding av prosjektrammer. I denne tertialen er det foreslått nokre endringar i rammer, innarbeidd tidlegare vedtak og foreslått 5 nye investeringsprosjekt.

Nye prosjekt i tertialen:

P37162 – Dagsenter Strandebarm, 1 mnok inkl. mva.

P37163 – Dagsenter Øystese, 0,8 mnok inkl. mva.

P37164 – Dagsenter Ålvik, 1,4 mnok inkl. mva.

Kommunen har i nokre år motteke øyremerka tilskotsmidlar til dagsenter for demente i Strandebarm, Øystese og Ålvik. Midlane er samla opp på bundne driftsfond, og er i tertialen foreslått brukt til finansiering av investeringane. Nokre av midlane er brukt til driftstiltak, men det er eit vilkår for tilskota at dei ikkje skal nyttast til ordinær løn. Midlane skal bl.a. brukast til troskykkje, ergometersyklar med filmvising og opparbeiding av uteområde (sansehagar).

P61170 – VA-leidning Kvammapakken (Evighetssvingen – Tolo) – Dette er eit av fleire VA-prosjekt i samband med Kvammapakken, no på strekkja «Evighetssvingen – Tolo». Totalt er det estimert 11 mnok, med 1 mnok til oppstart i haust, og 10 mnok i 2017. Prosjektet er foreslått finansiert med gebyrfinansiert lån.

P62165 – Infrastruktur industriområde Sandvenhagen – Kommunen har nyleg seld ei tomt i industriområdet, og må få på plass infrastruktur til dette området, og til vidare for å få tilgang til nye område for sal. Kostnaden er rekna til 1 mnok eksl. mva., og foreslått finansiert med lån.

Tidlegare vedtak innarbeidd i tertial:

P60134 – Familie- og læringssenter er utvida med 21,3 mnok inkl. mva., finansiert med lån og fond, i tråd med vedtak.

P60168 – Toloheimen – tilbygg, er innarbeidd med 12,4 mnok inkl. mva., finansiert med lån og statlege tilskot.

P60169 – Øysteseheimen – tilbygg, er innarbeidd med 3,4 mnok inkl. mva., finansiert med lån og statlege tilskot.

P61102 – Vassleidning Torpe, vidareføring er utvida med 0,8 mnok til 9,3 mnok, finansiert med lån.

P61148 – Vassleidning Torpevegen, veg- og murarbeid er utvida med 1,625 mnok til 7,8 mnok, finansiert med lån.

P62153 – Oppgradering av område/bygg teknisk Sandven er utvida med 8 mnok inkl. mva. til 10,5 mnok, finansiert med lån.

I tertialen er det foreslått å utvida rammene til følgjande prosjekt:

P60159 – VA-leidning Kvammapakken (Øystese sentrum – Stonde) er foreslått auka med 1,1 mnok til 4,3 mnok for å dekka omlegging av VA-leidning (0,3) og bygging av kulvert (0,8). Auken vert dekka med auke i låneopptak.

P61116 – Sanering Norheim er forslått auka med 0,57 mnok til 1,5 mnok, finansiert med lån. Det må gjerast fleire saneringar på Norheim, men rådmannen kjem attende til desse i samband med nye VA-planar.

P61120 – VA-leidning kvammapakken (Skipadalen-Tolo) er foreslått utvida med 6,5 mnok til 11,65 mnok, finansiert med lån.

P61152 – Netelandsbrua er foreslått auka med 0,75 mnok til 3 mnok for å utvida prosjektet til å leggja vassleidning over brua, finansiert med lån.

P61159 – VA-pumpestasjon ved Fartøyvernsenteret er foreslått utvida med 0,5 mnok til 2 mnok, for å dekkja tilstøytande VA-arbeid knytt til pumpestasjonen. Finansiert med auka lån.

P61168 – Sigevatn Tolomarka er foreslått utvida med 2 mnok til 2,5 mnok, finansiert med lån.

Andre prosjektendringar:

P61164 – VA-sanering Øystese sentrum/vest har fått nytt namn, og ramma på P61081 Utsleppsanering Evjo, er lagt inn i P61164.

P61111 – Oppgradering hovudrenseanlegg avløp er forskyvd med 6,7 mnok.

P61113 – Oppgradering av eksisterande vassverk i Kvam er forskyvd med 0,75 mnok.

P61114 – Oppdatering vassforsyningsplan er forskyvd med 0,5 mnok.

P61115 – Sanering VA Skutlalia er forskyvd med 1,8 mnok.

P61117 – Oppdatering avløpsplan er forskyvd med 0,5 mnok.

P61118 – Reserverforsyning vatn er forskyvd med 0,9 mnok.

P61151 – Kryss Tolo – Buspareklubben er forskyvd med 0,4 mnok.

P61154 – Sanering Norheimsund (Haldeplassen – Straumen) er forskyvd med 0,35 mnok.

P61165 – Opning av dam på Solhaug er framskunda med 0,125 mnok.

P62152 – Rømingsveg rådhuset er forskyvd med 0,5 mnok.

3 Endringar og risikoelement – balanse

Kommunen forvalta eigedelar for om lag 2,5 milliardar (mrd) per 31.12.15, der om lag 1,2 mrd var faste eigedomar, anlegg og utstyr. Dei største postane var føremålsbygg som sjukeheimar, omsorgsbustader, skular og barnehagar. Rådmannen har skrive ned nokre anlegg i samband med riving og sal tidlegare. Skulen i Ålvik vil truleg verta delvis nedskrivne i 2016 (bokført verdi 1,3 mnok). Pensjonsmidlane er den nest største posten (0,8 mrd) og deretter obligasjonar på 0,2 mrd. I tillegg har kommunen eit premieavvik⁴ på 83 mnok. Pensjonsmidlane vert forvalta av pensjonsleverandøren KLP og obligasjonane av Bergen Capital Management.

Kommunen sine aksjar/andelar var per 31.12.15 verdsett til 78 mnok, og er klassifisert som anleggsmiddel då midlane er plassert i selskap som kommunen har ei næringspolitiske eller samfunnsmessig motivasjon for å engasjera seg i. Dei største postane er i Kvam kraftverk AS (10), BKK AS (50,6) og eigenkapitalinnskot i KLP (16,5). Postane ligg inne til kjøpsverdi, men i samband med årsskiftet skal kommunen vurdera om verdien skal nedskrivast. Det er ikkje høve til å skriva opp anleggsmiddel til marknadsverdi. Etter fleire nedskrivingar i 2015, ser ikkje rådmannen at det er sannsynleg med andre, større nedskrivingar i 2016.

Vidare utlån av Husbanklån (startlån) til private låntakarar var per 31.12.2015 på 49 mnok. Kundekrav og kortsiktige krav på 59 mnok. Nokre av desse krava går tapt i løpet av året, og det er sett av eit estimert tap på krav i rekneskapen.

På motsatt sida i balansen utgjer langsiktig gjeld 1,9 mrd, der 1 mrd er kalkulert pensjonsforplikting. Eigenkapitalen til kommunen har fondsmidlar på 0,1 mrd og på kapitalkonto⁵ 0,3 mrd. Anna kortsiktig gjeld er på 0,1 mrd.

⁴ Premieavviket er differansen mellom netto pensjonskostnad og innbetalt premie.

⁵ Kapitalkontoen har ein heilt spesiell funksjon i kommunerekneskapen. Saldoen viser i hovudsak kommunen sin samla eigenfinansiering av anleggsmidlar.

4 Søknadar om støtte

Kvam herad mottek jamleg søknader om støtte. Søknader vert generelt vist til politisk handsaming i samband med budsjett/økonomiplan, og ikkje handsama i tertialar eller i enkeltsaker. Dette fordi søknader om støtte stort sett går av kommunen sine ordinære driftsmidlar, og ved handsaming av enkeltsaker får ein ikkje eit heilheitleg bilet av politisk prioritering av driftsmidlane til kommunen. Slik den økonomiske stoda til kommunen er, vil tilskot til eksterne aktørar medføra ytterlegare krav til innsparingar i årsverk i drifta.

Søknader til ordinære støtte- og tilskotsordningar vert handsama for seg, innanfor eigne retningslinjer og budsjettrammer.

Strandebarm båtlag

Strandebarm båtlag har søkt om kr 302.050 til dekking av kostnader med veg og asfaltering i samband med ny småbåthavn i Strandebarm. Havna er regulert for ca. 100 faste plasser, slik at søknadssummen per plass for privatpersonar som er medlem i laget, utgjer ca kr 30.000. Søknaden var med som notat i budsjetthandsaminga for 2016, men det er i etterkant stilt spørsmål om søknaden vart handsama rett. Rådmannen legg den difor fram på nytt i tertialen til politisk handsaming. Rådmannen si tilråding er ikkje endra. Dette er ei økonomisk støtte til privatpersonar, og ikkje innanfor kommen si kjerneverksem. Under er eit utdrag frå notatet som er lagt ved tertialen (det same notatet som i budsjetthandsaminga):

Båtlaget sine plikter etter avtalen var klare, og kostnadsbiletet med krysset lett å forutsjå for båtlaget på avtaletidspunktet. Det var ikkje søkt om økonomisk støtte i forkant av arbeidet. Tvert om, vart det først søkt om støtte etter at båtlaget hadde avvist å utføre sine plikter etter avtalen. Rådmannen meiner derfor det er uheldig og lite pårekneleg for kommunen dersom ein i etterkant skal risikere omkamp knytt til inngåtte avtalevilkår. Sett saman med den økonomiske ståda i Kvam herad, finn Rådmannen derfor ikkje å kunne tilrå støtte til Strandebarm Båtlag i dette høvet.

Søknad om bankgaranti til bygging av idrettsanlegg

Kommunar har høve til å gje garantiar, men det medfører ein risiko for økonomisk tap. Kommunale garantiar er difor regulert i kommunelova § 51. Det er forbode å gje garantiar til næringsverksem. Garantiar over 0,5 mnok krev statleg godkjenning. Garantiar skal i utgangspunktet ikkje førast i rekneskapen, dersom dei ikkje må innløysast. Dersom garantien må innløysast, vert den handsama som eit lån. Søknader om garantiar skal difor handsamast på same måte som lånesøknader. Opplysnings om kva garantiar kommunen har stilt, kjem fram i note til balansen i årsmeldinga. Kvam herad har stilt garanti for BIR AS og Kvammapakken AS. Kommunen har tidlegare ikkje stilt bankgarantiar for lån til friville organisasjonar.

Det kom fleire søknader om forskottering av spelemedialar i samband med økonomiplanen for 2016-2019. Dei fleste vart avslått med grunngjeving i kommunen sin utfordrande økonomiske situasjon. I 2016 har nokre av søkerane kome attende med spørsmål om bankgaranti for heile eller deler av summen. Vanlegvis kan idrettslaga få lån i banken når dei har fått stadfesting frå departementet.

Rådmannen har tidlegare avslått søknad om garantiar i brev til laga, då dette krev politisk godkjenning, og må takast i samband med budsjetthandsaming, eller unntakvis i ein tertial. Rådmannen har fått følgjande søknader om bankgarantiar:

1. Norheimsund fotball skal skifta kunstgraset på banen i Norheimsund, og har søkt om 2 mnok i bankgaranti. Dei har førebels ikkje søkt om spelemedialar, som truleg vil vera på 1 mnok. Graset er i dårleg stand, og må skiftast så snart som mogeleg. Det kan ta fleire år (3?) før spelemidlane vert utbetalt.

2. Norheimsund og Øystese skyttarlag har tidlegare bedt om 2 mnok i bankgaranti til vidare arbeid med ny skytebane i Vangdalsåsen. Etter å ha skaffa 1,5 mnok i private tilskot og redusert utgiftene, samt fått tilslagn om lån på 1,5 mnok frå banken, ber dei no om 0,5 mnok i bankgaranti. Garantisøknaden kjem etter krav frå banken. Skytterlaga har fått førehandsgodkjent søknader om 2 mnok i spelemedialar til 100m og 200m riflebanar, som dei håpar vert utbetalt i 2017/18.
3. Ålvik idrettslag vil leggja kunstgras på idrettsbanen i Ålvik. Laget har fått tildelt spelemedialar. Dei har tidlegare bedt om ein garanti på 0,5 mnok påvente av spelemedialar, men har ordna finansiering på annan måte. Dersom andre lag får bankgaranti, vil dei koma med ein ny søknad for å prøva å forbetra lånevilkåra sine.

Kommunen har satsa mykje på idrettsanlegg og –hallar, både gjennom tilskot til private og bygging av eigne. Det er krevjande å oppretthalda struktur og nivå på anlegga. Det vert lagt ned mykje frivilleg arbeid og det er ei rekke tilskotskjelder som lag/organisasjonar nyttar seg av.

Til trass for mange anlegg, er det ynskje om fleire, eller utbetring/oppgradering av eksisterande. Alle føremåla ovanfor er gode i idretts- og folkehelsesamanheng, men ikkje lovpålagde kommunale oppgåver.

Det vil vera knytt økonomisk risiko og administrasjon til å innvilga garantiar. Kvam herad har ikkje innvilga bankgarantiar til slike føremål tidlegare. Dersom kommunen opnar for dette, kan det koma fleire slike søknader framover. Krav og forventningar til likehandsaming både frå laga og forventingar til kommunale garantiar frå bankar, vil samla sett gje kommunen ei ekstra økonomisk bør. Skal kommunen gje slike garantiar, må dei og handsamast på lik linje med lån, og det vil krevja ein del administrasjon til handsaming og oppfølging av garantiane. Overstig garantiane 0,5 mnok, skal dei tillegg godkjennast av fylkesmanne. Rådmannen vurderer det difor slik at i den situasjonen kommunen er i no, må kommunen bruka ressursane i størst mogeleg grad på kommunen sine kjerneoppgåver, og at søknadane vert avslått.

5 Politiske vedtekne budsjettjusteringar i perioden januar - april 2016

Tabellen under viser vedtak med økonomiske konsekvensar som er gjort av Kvam heradsstyre og formannskapet i perioden januar - april 2016. Vedtaka er innarbeidd i tertialen.

| Møte dato | Saksnr. | Sakstittel | Vedtak i kr | Finansiering |
|------------|------------|---|---------------|--|
| 09.02.2016 | HST-009/16 | Samlokalisering av FDV Bygg og Kommunalteknikk på Sandven | 8.300.000 | P62153 – Oppgradering område/bygg teknisk Sandven finansiert med lån |
| 15.03.2016 | HST-020/16 | Lokalisering av Kvam familie- og læringssenter | 21.300.000 | P60134 – Familie- og læringssenter er utvida med 33,8 mnok inkl. mva, finansiert med mva. kompensasjon, 10 mnok frå Bustadfeltfond og 17 mnok i lån. |
| 15.03.2016 | HST-021/16 | Mottak av einslege mindreårige flyktninger | 0 | Mottak av 16 mindreårige flyktninger. Inntekter og utgifter er innarbeidd i tertial. |
| 15.03.2016 | HST-022/16 | Oppretting av nye institusjonsplassar i helse og omsorg | 15.800.000 | Nye institusjonsplassar på Øysteseheimen og Toloheimen er finansiert med mva. kompensasjon 3,2 mnok, tilskot på 7 mnok og lån 5,7 mnok. |
| 15.03.2016 | HST-031/16 | Kommunal stønad til utgreiing av Hordalandsdiagonalen | 300.000 | Finansiert med kompensasjonsmidlar. |
| 15.03.2016 | HST-033/16 | Ålvik skule – alternative byggjemetodar | 0 | Evt. innsparing vert innarbeidd i 2. tertial. |
| 22.04.2016 | FSK-027/16 | Torpevegen – gjenståande arbeid og opsjon 2016 | 2.100.000 | P61102 og P61148 er utvida med 0,8 og 1,3 mnok, finansiert med lån. |
| 04.05.2016 | FSK-044/16 | Ytterlegare løyving til rassikring Torpevegen | Inntil 20.000 | Ikkje innarbeidd då arbeidet truleg kan gjerast innanfor gjeldande rammer. |
| 10.05.2016 | HST-043/16 | Evaluering av tilskot til Høgskuleutdanning i Hardanger | 80.000 x 5 år | Finansiert med næringsfond. |
| | | | | |

6 Økonomisk hovedoversikt - drift

Økonomisk hovedoversikt – driftsbudsjett 2016, endringar i 1. tertial. Tal i 1.000

| ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT, INKL. PROSJEKT | | | | | |
|--|------------------------|---------------------|---------------------------------------|------------------------|-----------------------------|
| DRIFTSINNTEKTER | Rek 2016, April | Opp.bud 2016 | Budsjett 2016 etter 1. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring i 1. tertial |
| LN01 Brukarbetalingar | 7 138 | 24 790 | 24 790 | 28,8 % | 0 |
| LN02 Andre sals- og leigeinntekter | 22 871 | 49 928 | 62 228 | 36,8 % | 12 300 |
| LN03 Overføringer med krav til motyting | 20 321 | 74 792 | 79 017 | 25,7 % | 4 225 |
| LN04 Rammetilskot frå staten | 103 881 | 272 332 | 274 243 | 37,9 % | 1 911 |
| LN05 Andre statlege overføringer | 14 828 | 33 600 | 52 100 | 28,5 % | 18 500 |
| LN06 Andre overføringer | 344 | 9 410 | 5 610 | 6,1 % | -3 800 |
| LN07 Skatt på inntekt og formue | 61 429 | 211 401 | 206 907 | 29,7 % | -4 494 |
| LN08 Eigedomsskatt | 21 125 | 43 000 | 42 300 | 49,9 % | -700 |
| LN09 Andre direkte og indirekte skattar | 0 | 3 900 | 4 062 | 0,0 % | 162 |
| LN10 Sum driftsinntekter | B | 251 938 | 723 153 | 751 256 | 33,5 % |
| DRIFTSUTGIFTER | Rek 2016, April | Opp.bud 2016 | Budsjett 2016 etter 1. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring i 1. tertial |
| LN11 Lønsutgifter | 145 583 | 403 660 | 410 587 | 35,5 % | 6 967 |
| LN12 Sosiale utgifter | 42 949 | 111 563 | 110 616 | 38,8 % | -948 |
| LN13 Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal tenesteproduksjon | 30 214 | 88 715 | 92 422 | 32,7 % | 3 667 |
| LN14 Kjøp av tenester som erstatter kommunal tjenesteproduksjon | 13 536 | 40 383 | 43 732 | 31,0 % | 3 348 |
| LN15 Overføringer | 22 983 | 48 089 | 69 060 | 33,3 % | 20 971 |
| LN16 Avskrivningar | 0 | 39 779 | 39 779 | 0,0 % | 0 |
| LN17 Fordelte utgifter | -12 | -4 718 | -4 718 | 0,2 % | 0 |
| LN18 Sum driftsutgifter | C | 255 253 | 727 471 | 761 477 | 33,5 % |
| LN19 BRUTTO DRIFTSRESULTAT | D=B-C | -3 314 | -4 318 | -10 221 | 32,4 % |
| EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER | Rek 2016, April | Opp.bud 2016 | Budsjett 2016 etter 1. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring i 1. tertial |
| LN20 Renteinntekter, utbytte og eigaruttak | 1 482 | 15 550 | 16 000 | 9,3 % | 450 |
| LN21 Gevinst finansielle instrumenter | 0 | 200 | 200 | 0,0 % | 0 |
| LN23 Sum eksterne finansinntekter | E | 1 482 | 15 750 | 16 200 | 9,1 % |
| Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter | 10 905 | 23 133 | 23 133 | 47,1 % | 0 |
| LN24 Tap finansielle instrumenter | 139 | 200 | 200 | 69,5 % | 0 |
| LN26 Avdragsutgifter | 3 625 | 32 250 | 32 250 | 11,2 % | 0 |
| LN28 Sum eksterne finansutgifter | F | 14 669 | 55 583 | 55 583 | 26,4 % |
| LN29 Resultat eksterne finansieringstransaksjoner | G=E-F | -13 187 | -39 833 | -39 383 | 33,5 % |
| Motpost avskrivningar | 0 | 39 779 | 39 779 | 0,0 % | 0 |
| LN31 NETTO DRIFTSRESULTAT | I | -16 501 | -4 373 | -9 825 | 168,0 % |
| AVSETNINGAR | Rek 2016, April | Opp.bud 2016 | Budsjett 2016 etter 1. tertial | Forbruk h.i.å % | Endring i 1. tertial |
| LN33 Bruk av disposisjonsfond | 500 | 2 069 | 2 149 | 23,3 % | 80 |
| LN34 Bruk av bundne fond | 1 159 | 22 756 | 25 294 | 4,6 % | 2 538 |
| LN35 Sum bruk av avsetning | J | 1 659 | 24 825 | 27 443 | 6,0 % |
| LN36 Overført til investeringsrekneskapet | 0 | 0 | 200 | 0,0 % | 200 |
| LN38 Avsetninger disposisjonsfond | 0 | 7 949 | 2 140 | 0,0 % | -5 809 |
| LN39 Avsetninger til bundne driftsfond | 66 | 12 503 | 15 278 | 0,4 % | 2 775 |
| LN40 Sum avsetning | K | 66 | 20 452 | 17 618 | 0,4 % |
| LN41 Regnskapsmessig meirforbruk/mindreforbruk | L=I+J-K | -14 908 | 0 | 0 | 0 |

Kommentar til tabell (tal i 1.000 i tabell):

Sum driftsinntekter er auka med 28,1 mnok i forhold til opphavleg budsjett 2016

LN02 – Grunnen til den store auken på 12,3 mnok er at konsesjonskraft tidlegare har vore ført netto, medan den no vert ført brutto. Netto er det ein reduksjon på konsesjonskraft på 0,3 mnok.

LN03 - Forventa inntekt på sjukelønsrefusjon er redusert med 1,0 mnok. Statleg tilskot er auka med 4,8 mnok på grunn av mottak av einslege mindreårige flyktninger. Overføringer og øyremarker tilskot frå staten er auka med 3,4 mnok. I justert budsjett er det gjort konkretisering av tidlegare uspesifiserte krav på tilskotsauke, dette gjev her ein inntektsreduksjon på 2,1 mnok. Mva kompensasjonsinntekt er redusert med 1,0 mnok. I statsbudsjettet vart det igjen føreslått statleg gjering av skatteoppkrevjarfunksjonen. Dette er trekt tilbake og medfører dermed at budsjettet redusjon i sal til andre kommunar vert reversert.

LN04 – Inntektsutjamnade rammetilskot (1,1) og ordinært rammetilskot (0,8) er auka med til saman 1,9 mnok.

LN05 - Inntekt på heimfallskraft, som tidlegare har vore ført netto, er auka med 13,5 mnok fordi det no vert ført brutto. Netto er det ein reduksjon på heimfall på 1,4 mnok. Ytterlegare inntektsauke på 5,0 mnok er konkretisering av tidlegare uspesifiserte innsparringskrav.

LN06 – Sal av konsesjonskraft er flytta til LN02 med 4,1 mnok. Overføringer frå fylket er auka på grunn av motekne spelemidlar til private lag på 0,3 mnok.

LN07 - Skatteinntektene er redusert med 4,5 mnok.

LN08 - Egedomskatt på næring er redusert med 1,0 mnok, medan det på privat er auka med 0,3 mnok.

LN09 – Auke i konsesjonsavgift på 0,2 mnok vert avsett til næringsfond.

Sum driftsutgifter aukar med 34,0 mnok i forhold til opphavleg budsjett 2016

LN11 – På grunn av mottak av einslege mindreårige flyktninger er lønnsutgiftene auka med 3,4 mnok. Budsjettet er justert for 1,8 mnok auka lønnskostnader til ulike tiltak som er finansiert av øyremarker midlar. Innsparringskrav som ikkje er konkretiserte har vorte ført som ein minuspost på løn, då det er denne posten dei fleste innsparingane må takast frå. I 1. tertial er det korrigert for konkrete innsparingstiltak, og 1,7 mnok av desse er teke frå andre postar enn løn.

LN12 - Sosiale utgifter er redusert med 1,0 mnok etter nye prognosar frå pensjonsselskapa og for lågt nivå på arbeidsgjevaravgift.

LN13 - 1,7 mnok i auke er driftskostnader knytt til ulike tiltak som er finansiert av øyremarker midlar. Utgifter til husleige, transport og velferdstiltak knytt til einslege mindreårige flyktninger er på 1,0 mnok. Konsulentmidlar er auka med 0,3 mnok i samband med HST vedtak på Hordalandssdiagonal. Ulike endringar mellom LN-område og konkretisering av innsparingar medfører totalt 0,7 mnok i auke.

LN14 – Kjøp av private er auka med 0,3 mnok. Dette er knytt til ulike tiltak som er finansiert av øyremarker midlar. Kostnad til besøksheimar for einslege mindreårige flyktninger gjev ein auke på 0,4 mnok. Andre årsaker til auke er konkretisering av innsparringskrav (1,0), endring mellom LN-område (1,6 mnok) og reversering av statleggjering av skatteoppkrevjar (0,1 mnok).

LN15 - Endring mellom LN-område gjev ein reduksjon på 2,2 mnok. Bruttoføring av kraft gjev auke på 23,3 mnok på kjøp av kraft, kjøp av nett og overskotskatt. Andre endringar på LN-området er konkretisering av innsparing (0,5), mva kompensasjon (-1,0), utbetalte spelemidlar (0,3) og overføring til private (0,1).

Eksterne finanstransaksjoner er redusert med 0,45 mnok.

Ubytte frå BKK er auka med 0,45 mnok.

Netto driftsresultat etter 1. tertial er 5,1 mnok dårlegare enn opphavleg budsjett 2016

Fondsdisponeringar

